



Åseral kommune

EINING FOR UTVIKLING

Setesdal Vesthei, Ryfylke- og Frafjordheiane (SVR) v/ Alf Odden

DYKKAR REF:	VÅR REF:	SAKSHANDSAMAR:	ARKIVKODE:	DATO:
	2007/725 - 167	Bernt Elias Åsland	L90	12.10.2018

ÅSERAL KOMMUNE SIN UTTALE TIL BESØKSSTRATEGI FOR SVR

Det vert synt til samarbeidsmøte i administrativt kontaktutval 05.10.2018, samt tidlegare innsendte notat til førebuande møte datert 01.06.2017.

Åseral kommune meiner forslaget til besøksstrategi er godt gjennomarbeidd med fleire positive tiltak for kanalisering av ferdsel og besøk som er meint for å balansere verneverdiane og bidra til verdiskaping kring verneområda.

I besøksstrategien er det nemnt spesielle tiltak på Ljosland, Bortelid og på Minne kultursenter som blir kommentert punktvis nedanfor. Det vil og bli nemnt nokre andre tiltak som kommunen ynskjer.

Ljosland (tiltak i 2020-2022)

Tiltak med klopplegging, gapahuk og etablering av innfallspport.

Åseral kommune ynskjer delar av informasjonen i enden av ny drifteveg Langevatn. Grunngevinga for dette er at det her er størst moglegheit for å møte på reinsdyr og stor del av ferdselen går her. Det er og eit ynskje at kommunen kan delta i utforming av informasjonstekst og endeleg plassering av skilt. Det oppmodast og til at SVR har tett dialog med løypeutvalet, Ljosland Vest, når tiltak skal gjerast innover Farstøldalen.

Bortelid (tiltak 2018, 2020-2022)

Tiltak med klopplegging, rydding og merking av stiar og etablering av innfallspport.

Nokre tiltak er allereie utført. Åseral kommune ynskjer å delta i utforming av informasjonstekst, samt plassering av skilt.

Informasjonstekst på Minne kultursenter (2019).

Oppdatering og vidareutvikling av informasjonstekstane.

Åseral kommune ser at det er eit potensiale i å vidareutvikle informasjonen som er tilgjengelig i desse elektroniske framsyningane og stiller seg positive til at det blir gjennomført.

Arrangement og fellesturar for born, ungdom og ålmenta (heile besøksperioden) utvida tiltak.

Det er forslag om at born og unge i 2-3 kommunar kvart år skal få tilbod om arrangement gjennom verdiskapingsprosjektet (ref. s. 25). Åseral kommune meiner at samtlege kommunar bør få eit slikt tilbod kvart år. Det er avgjerande for haldningar til verdiskaping i verneområda at born og unge får god informasjon, opplevingar og ikkje minst opplæring. Lokalt i Åseral vil ein kunne bidra med noko ressursar.

Informasjon sør i Åseral (Heddersvik)- innspel av nytt tiltak.

Med bakgrunn i ny anleggsvegen inn til Skjerkevatn (Nåvatn) som nyleg er opna for ålmenta, samt at det satsast på tursime ved Eikerapen gjestegard, meiner Åseral kommune at det bør opp eit informasjonsskilt i området ved Heddersvik. Frå Heddersvik er det ca. 0,5 km til verneområdet.

Postadresse:
Åseral kommune
Gardsvegen 68,
4540 Åseral

Besøksadresse:

Telefon: 38 28 58 00
Telefaks: 38 28 58 01

Internett: www.aseral.kommune.no
E-post: post@aseral.kommune.no
Org.nr.: 964 966 842

Med helsing

Bernt Elias Åsland
sakshandsamar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

